

HELSE VEST RHF
Postboks 303
4068 STAVANGER

v/Ivar Eriksen

| | | | |
|--|--|--|----------------------------|
| Dykkar ref.: 2022/832 - 7921/2022 | Vår ref.: 2022/3553 - 32866/2022 | Sakshandsamar: Reidun Rasmussen Mjør | Dato: 24.10.2022 |
|--|--|--|----------------------------|

Regional utviklingsplan i Helse Vest 2023-2035 - høringsbrev til øvrige instanser

Viser til brev frå Helse Vest datert 12.09.2022 med invitasjon til å komme med innspel til utkast til ny regional utviklingsplan. Klinikane i Helse Fonna har blitt bedt om kommentarar til den planen, og føretaket har desse innspela:

Det har vore interessant å følgje utviklinga med digitale planar som har vore i Helse Vest sitt område dei siste åra. Høringsversjonen til ny Regional utviklingsplan er eit nytt eksempel på ei god og lesarvenleg digital løysing.

Utviklingsplanen blir presentert på ein oversiktleg måte med kortfatta, men informative tekstar. Bruken av lenker til aktuell dokumentasjon, bidreg til at sidene vert oversiktlege utan for mykje tekst. Dei fire hovudmåla kjem tydeleg fram ved at dei er presenterte både på framsida og under dei enkelte hovudmåla. Biletbruken er også eit positivt innslag i utforming av nettsidene.

Når ein manøvrerer seg rundt på nettsidene, er det ikkje heilt lett å orientere seg i korleis ein skal komme tilbake til framsida eller mellom dei ulike hovudmåla. Ein måte å løysa dette på kan kanskje vera å flytta boksane «Tilbake til framsida» og «Lenke til innhaldsoversikt» opp på sida, slik at ein ikkje må skrolle heilt ned for å finne vegen tilbake eller vidare.

Det kan kanskje vere link frå «Psykiske helsetenester og rusbehandling» og «Kvalitet og pasientbehandling» til «Framheva satsingar».

Det er no utarbeida fleire digitale utviklingsplanar i Helse Vest sitt område. For Helse Fonna, som så langt ikkje har ein digital versjon, vil det vere interessant om spørsmålet om ein eventuell felles framtidig regional mal vert drøfta.

Venleg helsing
Helse Fonna HF

Olav Klausen
adm.dir

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Olav Godfred Klausen Administrerende direktør

